

Til deg som søker fritak eller endring

frå renovasjonsordning og/eller slamtømmeordning



Forskriftene for innsamling av hushaldsavfall og tømning av slamavskiljarar og tette tankar, som vart vedtekne i kommunestyret hausten 2007, er grunnlag for SIM sitt arbeid med renovasjon og slamtømming. Forskriftene kan lastast ned frå <https://sim.as/ditt-avfall/forskrift/>, eller bestillast frå SIM.

Retningslinjer ved søknad om fritak

Renovasjonsavgifta er lovpålagt for alle hushald og kan ikkje seiast opp. Det kan søkjast om fritak frå renovasjonsgebyr under spesielle tilhøve.

Føresetnad for å kunne søkje:

- Bustaden må vere ubudd i minst eitt år frå den første i påfølgjande månad.
- Søknaden må gjelde for minst eitt år.

Føresetnad som ikkje gir fritak:

- Fritak vert ikkje innvilga for påbegynt fakturaperiode (januar – juni eller juli – desember).
- Fritak vert ikkje innvilga med tilbakeverkande kraft.

Fritidsbustader:

- Fritidsbustader er underlagt ei strengare vurdering enn heilårsbustader i høve til fritak for renovasjonsavgift.
- Fritidsbustad med normal standard, men som ikkje vert nytta eller vert nytta svært lite vil normalt ikkje få innvilga fritak.
- Døme på situasjonar der fritidsbustad kan få innvilga fritak:
 - bygget er ubueleg som følge av renovering
 - bygget er ubueleg som følge av forfall
- Byggets tilstand må dokumenterast i form av bilete.

Permanent fritak:

- Permanent fritak vert aldri innvilga til gebyrpliktige bygg. Dersom ei bustad er riven eller ned brent, føreligg det ikkje lenger gebyrplikt på eignedomen. I slike høve kan avtale om renovasjon avsluttast. Bortfall av gebyrplikt må dokumenterast.
- Hyblar, kjellarleigheiter o.l. kan heller ikkje få innvilga permanent fritak. Eigaren kan søkje kommunen om bruksendring. Ved bruksendring frå 2 til 1 bustadeiningar fell gebyrplikta bort for den eine eininga.

Kva skjer dersom fritak vert innvilga:

- Behaldarane blir henta inn av SIM. Behaldar(ar) må vere tilgjengelege for henting, eventuelt bytte, når våre folk kjem.

- Det er ein kostnad for henting og reingjering av behaldarane og administrativt arbeid. Beløpet fakturerast eigaren. For pris sjå administrasjonsgebyr fritak i prislista vår.
- Dersom føresetnadane for fritak endrar seg, må abonnenten snarast gi beskjed til SIM for å starte abonnementet på nytt. Døme på dette er at bustaden vert teken i bruk tidlegare enn venta.
- Dersom fritak blir innvilga på grunnlag av uriktige opplysningar, kan fritak bli kansellert og avgift bli etter-fakturert for heile fritaksperioden.

Ved utløp av fritaksperioden:

- Abonnementet startar automatisk opp når fritaksperioden går ut.
- Ved behov for forlenging av fritak må det søkjast på nytt før fritaksperioden går ut.
- Når fritaksperioden er avslutta får kunde automatisk retur av sine behaldarar.

SIM har ikkje forvaltninga i kommunane Stord og Sveio. Innbyggjarar i desse kommunane må senda søknaden til kommunen.

Med helsing

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

tlf. 53 45 78 50 – e-post sim@sim.as – nettstad www.sim.as